

VEDTEKTER
FØRDE INTERNASJONALE
FOLKEMUSIKKFESTIVAL

Innleiing

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival vart skipa 14. mars 1991. Stiftarar var Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Førde Kommune, Førde Næringsutvikling (no Førde Industri- og Næringsssamskipnad (FINS)), Landslaget for Spelemenn (no FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans), Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Førde Ungdomslag og Indre Sunnfjord Spelemannslag.

Desse vedtektene erstattar vedtektene for Stiftinga Førde Internasjonale folkemusikkfestspel.

§ 1. FØREMÅL

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival er ei ideell stifting. Stiftinga har som oppgåve å gjennomføre ein internasjonalt folkemusikkfestival kvart år i Førde.

Målet er

- å fremje kunnskap om og interesse for norsk og internasjonal folkemusikk og –dans gjennom konsertar, kurs og andre tiltak
- å vere med på å auke generell kunnskap om andre lands kultur, og medvirke til fred og forståing mellom ulike folk og nasjonar ved å gjere Førde og Sogn og Fjordane til ein møtestad for utøvarar frå heile verda.

Den årlege festivalen skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinnhald. I tillegg kan det knytast andre kulturuttrykk og aktivitetar til arrangementet, som kan sjåast i naturleg samanheng med hovudføremålet.

Stiftinga kan òg stå for arrangement i samsvar med hovudføremålet andre stader i fylket og utanom tida for sjølve festivalarrangementet.

§2. KAPITAL

Stiftinga sin grunnkapital er kr. 100.000,-

§3. REPRESENTANSKAP

Stiftinga skal ha eit representantskap på 7 medlemmer med vara, vald av den einskilde stiftar.

- Vestland fylkeskommune – 1 representant
- Sunnfjord kommune – 1 representant
- Førde Industri- og næringsssamskipnad (FINS) – 1 representant
- Indre Sunnfjord Spelemannslag – 1 representant
- FolkOrg – 1 representant
- Sogn og Fjordane folkemusikklag – 1 representant
- Førde Ungdomslag – 1 representant

Medlemene skal ha innsikt og kompetanse relevant for festivalen.

Representantskapet vert oppnemnde for 2 år. Ingen kan fungere samanhengande i meir enn 8 år. Representantskapet vel sjølv ordførar og varaordførar mellom medlemene.

Representantskapet har følgjande oppgåver:

- Oppnemne valnemnd og velje 4 medlemmer til styret som skal kome frå det aktive folkemusikk-/ folkedansmiljøet, representert ved utøvarorganisasjonane.
- Gje råd til styret om den langsiktige utviklinga av festivalen
- Velje revisor
- Det skal haldast minst 1 møte kvart år, elles når ordførar eller minst 3 av medlemene krev det.

§ 4. STYRET

Styret er stiftinga sitt høgste organ.

Stiftinga skal ha eit styre på 8 medlemmer med personlege varamedlemmer - valde for 2 år om gongen.

Eit representantskapsmedlem skal ikkje sitje i styret.

Ingen kan sitje samanhengande som styremedlem meir enn 8 år.

Vestland Fylkeskommune vel 3 styremedlemmer med vara. Fylkeskommunen peikar ut styreleiar.

Sunnfjord kommune vel 1 styremedlem med vara etter forslag frå utøvarorganisasjonane.

Organisasjonane kjem her med forslag på 4 personar (2 kvinner og 2 menn) som kommunen kan velje mellom.

Representantskapet vel 4 styremedlemmer med vara.

Styret vel sjølv nestleiar.

Styret er vedtaksført når 4 av styremedlemmane er tilstades.

Styret oppnemner kunstnarleg råd etter framlegg frå direktør.

Styret har det overordna ansvar for økonomi, drift og tilsetjing av personale.

Låneopptak og større finansielle disposisjonar skal leggjast fram for tilskotspartane.

Styret skal vedta budsjett for stiftinga.

Styret skal syte for at årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding vert framlagt innan 1. mai.

§ 5. DIREKTØR – KUNSTNARLEG LEIAR

Stiftinga skal ha ein direktør som har ansvar for den kunstnarlege leiinga og elles vere ansvarleg andsynes styret når det gjeld økonomi- og personalforvaltning.

Direktøren vert tilsett på åremål. Styret fastset åremålsperioden. Åremålet kan fornyast.

Etter framlegg frå direktør vert det etablert eit kunstnarleg råd som skal vere til hjelp for direktøren.

Direktøren er ansvarleg for inngåing av kontraktar med kunstnarar og gjestande ensemble innafor vedtekne økonomiske rammer.

Direktøren er sekretær for styret.

§ 6. REKNESKAP OG REVISJON

Stiftinga skal følgje dei til eikvar tid gjeldande reglar for rekneskap og revisjon.

§ 7. VEDTEKSENDRING

Styret kan endre vedtektene/ gjere omdanningsvedtak med minst fem røyster. Framlegg til endring av vedtektene/ omdanningsvedtak skal leggjast fram for tilskotspartane og representantskapen.

§ 8. OPPLØYSING

Oppløysing av stiftinga krev minst fem røyster i styret etter at Kultur- og kyrkjedepartementet og representantskapen har fått uttale seg.